

BOKN BYGDEBLAD

2. PRØVENUMMER desember 1985 *

Helsing frå ordføraren

Når eg nå skal bidra med ei lita helsing til Boknarane, vil eg fyrst nytta høve til å takka dei som har teke opp den gamle tanken om å gi ut eit bygdeblad. Sjølv om det førebels berre er på prøve, har eg god tru på at røynslene i prøveperioden vert så positive at bladet vil fortsetja, og verta eit fast innslag i vårt lokalmiljø.



FRAMHALD s. 2.

Les:

VAKTLISTE FOR HEIMESJUKEPLEIEN PÅ MIDTSIDENE.

ANNEMOR OG VESLEPER s. 3.	KIOSK I FØRESVIK s. 4.
HEI ALLE BOKNARAR s. 5.	NÆRINGS/TILTAKSKONSULENT s. 6.
OM PENSJONISTFORENINGEN s. 12	NYTT FRA.....s. 14.
ARRANGEMENT RUNDT JUL s. 16	LITT OM BUDSJETTET -86 s. 13.
	MED MEIR

Helsing frå ordföraren ... framh. frå s.1.

Frå kommunalt hald, er det sopass mange ting å informera om, at det neppe skal verta problemer med å finna stoff. Det kan vel heller skorta på tiltak og kapasitet til å få stoffet ut.

Det er to saker eg vil nemna no. Det er fastlandssambandet og Kombibygget. Mest same kven eg snakkar med, vert det spurdt etter korleis det går med desse tinga.

Når det gjeld Kombibygget må eg vedgå at dette har teke urimeleg lang tid. Kva er då årsaka til det?

Eg skal nemna nokre:

Dette bygget er eit svært samansett bygg som skal dekkja sovidt mange forskjellige oppgåver, at planleggingsarbeidet har vorte hemma av at alle dei ymse brukarinteresser skal innpassast under eit tak, og at svært mange instansar skal godkjenna detaljerte planløysingar. Når desse forslaga då tildels går fram og attende mellom arkitekt - byggenemnd og kommunale/fylkeskommunale etater opptil fleire gonger, vil det automatisk føra til at arbeidet går tregt.

Men i alle høve er arbeidet kome så langt at anbudsdokumenta er sendt ut, slik at arbeidet kan koma i gang utpå nyåret. Fundamentarbeidene er trekt ut av anbuda, slik at dette skal utførast med lokal arbeidskraft. Ein reknar med bygget skal kunna ferdigstillast sumaren 1987.

Saka om fastlandssambandet går også sin gang, og som vel dei fleste kjenner til har me her i kommunen vore gjennom fyrste runde av denne saka.

Me vonar no at Vegsjefen kan senda Hovudplanen over til kommunen for endeleg handsaming før jul. Dersom saksgangen går slik det var lagt opp til frå byrjan av, skulle vegdirektoratet kunna fatta eit endeleg vedtak i januar-februar 1986. Dersom dette tidsskjema heldt, har Vegsjefen antyda mulig oppstart i slutten av 1987.

Tilsist vil eg takka alle medarbeidarar, både ansatte og politikarar for godt samarbeid i 1985. Stor takk også til dei som driv fivillig lagsarbeid i bygda vår.

Ei riktig god jule og nyårshelg til alle sambygdingar.

helsing

Leif

ANNEMOR og VESLE-PER

Denne songen var mykje brukt for ein del år sidan. Ikkje berre her, men også andre stader i fylket, m.a. på Jæren. Etter det me har høyrte, er det berre her i Bokn songen har vore brukt i seinare år. For eit par år sidan vart Målfrid Kro Trosvang intervjuet på "direkten" i lokalradioen på vesle-julafta. Ho fortalte då om denne songen, og song også eit par vers på sparket.

Forfattaren er ukjend, men tonen er Tordenskjöld.

Annemor og Vesle-Per veit at Jolekveld det er,
då dei Joletre må ha, men kvar skal dei treet ta.

Skogen er så langt i frå, og dei kan han ikkje nå.
Ute dei på vesle bein, far er burte mor er klein.

Anne tenkjer ut og inn, løysing då til sist ho finn,
tek så fram ein kjøkenstol; Per no skal me halda Jol.

Finn ho så ein limestubb, kanskje var det gryterubb,
set så den på stolen ned, Per nå har me Joletre.

Tek så Anne - Per i hand, nå er dei i Lukkeland.
Syng så glad om "Arme små", "Glade Jul" og "Himmel blå".

Monsemann og Tuppemor ser på leiken utan ord.
Annemor og Vesle-Per gled seg på for Jol det er.


Er du berre barn i sinn, vil nok gløda koma inn.
Bjølvi i tome fatig krå, barnesinn vil lukka nå.



KIOSK I FØRESVIK ?

Linda Jensen og Jonne Holm vil drive kiosk i venterommet.

Linda Jensen og Jonne Holm har søkt Bokn formannskap om å drive kiosk frå venterommet på kaien i Føresvik. Planen er då at venterommet blir delt i to med ein vegg, med glas i øvre delen av vegg, og dør mellom. Kiosken vil bli oppussa, og det vil bli innstallert reolar, diskar, mikroovn, frysedisk etc.



På kvardagar vil dei ha opningstid 3 timar om føremiddagen og 3 timar om ettermiddagen. I helgene blir opningstidene noko annleis, og tilpassa den trafikken som er ved båtanløp. Det er vel også meininga at ein vil justera åpningstida etter kvart dersom ein finn ut at det er behov for utvida opningstid, t.d. i sommarmånadene.

Dei har tenkt å selja vanlege kioskvarer som sjokolade, drops, chips, is, brus etc. Aviser har dei og tenkt å ha. Dei vil også selja kaffi og varme produkt kor dei gjer nytte av mikrobølgjeomn. Dei har også tenkt å selja andre produkt som litt spesialgarn (t.d. heklegarn) og suvenir-artiklar. Særleg er dei interesserte i å omsetja ting som blir laga her på Bokn. Det er mange her som driv med vev og andre husflidsaktivitetar, og mange av desse artiklane er salgbare.

Ein reknar med at det først og fremst blir folk frå Bokn som vil bruka kiosken, men i tillegg vil også tilreisande, ungdom i helgane, og feriefolk om sommaren, som vil ha glede av dette.

Ein reknar også med at når det kjem kiosk i ein del av dette bygget, vil ein få betre tilsyn med venterommet. Det har tidlegare vore ein god del hærverk på venterommet, og ein håpar at dette skal retta seg i samband med oppstarting og drift av kiosk.

Det er Statens vegvesen som eig venterommet i Føresvik, og etter at Bokn formannskap nå har gått inn for kioskdrift, er saka sent over til Vegvesenet med positiv tilråding. Så nå ventar dei to driftige damene på svar derifrå. Dersom det kjem positivt svar, vil dei starta med innreiingsarbeidet med ein gong for å koma i gang med drifta.

Hei alle boknararar!

Veit de kva Bokn Avløyssarlag er?



Det er eit lag der dei er plass til alle bønder som medlemmer, og der medlemskapet til og med er gratis!

Oppgave for laget er å administrere alle former for avløyssing, slik at bonden, om han vil, kan reise bort med godt samvit.

Dei som ynskjer å ta seg arbeid som avløyssar kan og henvende seg til avløyssar-

laget, og laget vil prøve å skaffe desse arbeid, enten dei ynskjer mykje eller lite arbeid.

Laget har som oppgave å prøve å skaffe bønder som står utan avløyssar ei god avløyssarordning. Vi arbeider og for å få til ei ordning der medlemmene kan henvende seg til laget når dei treng avløyssing i spesielle høve eller under sjukdom.

Vidare har laget som oppgave å ta seg av alle dei administrative oppgåver i samband med avløyssinga, slik som lønssongjer, skattetrakk, betaling av arbeidsgivaravgift og søknad om tilskot. Det er selvfølgelig ingenting i veien for at bonden sjølv kan ta seg av desse oppgåvene om han ynskjer det.

Adresse til avløyssarlaget er Sigmund Alvestad tlf. 35424.

Vi kjem tilbake i neste nr. med forsikringsordning for avløyssarar.

KIOSK I FØRESVIK?, framh. frå s.4.

Linda og Jonne reknar ikkje med særleg forteneate den første tida, men håpar det skal ta seg opp etter kvart. Dei har tenkt å driva kiosken sjølv, men kan ha bruk for hjelp frå tid til anna. Dei seier at dei har fått god hjelp av tiltakskonsulent Alendal, pluss rådmannen i Bokn. Linda og Jonne seier at det er fint at det blir satst på å gi hjelp til folk som vil starta noko for seg sjølv. Det er mest den einaste måten å få arbeid på, spesielt for kvinner her i Bokn.

Me ynskjer Linda og Jonne lukke til med kiosken og drifta.

Nærings/tiltaks konsulent:

BOKN KAN BLI INTERESSANT OMRÅDE

Bokn kommune tilsette tidlegare i år ein nærings/tiltaks-konsulent i 2/5 stilling for 6 mnd. i første omgang.

Det er Stein Alendal som er tilsett. Han er bygningsingeniør med tilleggsutdanning i økonomi og marknadsføring. Han har erfaring frå næringslivet m.a. både som bedrifts- og salgsleiar. Han har nå permisjon frå INKO (informasjon- og kontorformidling) sin avdeling i Nord-Rogaland i 1/2 år. I denne permisjonstida er han m.a. tilsett i Bokn kommune, pluss i nokre prosjekt i Suldal og Etne.

Nærings/tiltaks konsulent har m.a. som oppgåve å driva med rettleiing til folk som vil starta opp med eigne verksemdar, og hjelpa kommunen med tilretteleggjing av næringsverksemd.

Det som nå er på tale, er å kartleggja om det er behov for å ha eit etablerarkurs her i kommunen utpå nyåret. Eit slikt kurs vil strekkja seg over 2 - 3 veker på kveldstid, men ikkje kvar kveld.

Ein vil gå ut med eit spørjeskjema for å få ein oversikt over kor mange som kan vera interesserte i eit slikt kurs. Det må vel vera aktuelt både for ungdom og kvinner som er interessert i å læra korleis ein kan gå fram når ein skal starta med noko nytt, men sjølvsagt også for alle andre interesserte. Alendal trur

kanskje det kan vera utflytta folk frå Bokn som er busette t.d. på Karmøy som har høve til å fylgja eit etablerarkurs på Bokn. Dei kan då reisa frå og til dei kveldane det er kurs.

Som nemnt driv næringskonsulenten med rådgjeving om næringsverksemd både ovafor kommunen og privatpersonar. Han er difor også til disposisjon til privatpersonar som vil ha råd og rettleiing m.h.t. oppstarting/drift av næringsverksemd.

I ein del avsidesliggjande kommunar har ein starta opp produksjon av varer på grunnlag av lokal husflidstradisjon, ein har fått til eit produkt som det har vore marknad for å laga i større mengder, og på den måten fått etablert fleire arbeidsplassar. Hadde dette vore noko for oss her i kommunen?

Alendal vil også kunna hjelpa folk som alt i dag er i gang med næringsverksemd til å kunna driva dette vidare, og kanskje driva det betre. Han har også ferdige kalkylegrunnlag for visse typer oppdrett som det ikkje er noko av her, m.a. på oppdrett av kalkun og gås. Slike ting vil han ta opp med landbruket sine organisasjonar.

Når det gjeld framtida for Bokn, trur Alendal at denne kommunen kan bli interessant for eventuell ny næringsverksemd i framtida. Med brusamband og ferjekai, vil Bokn liggja strategisk til for ny-etableringar. Som såkalla DU-kommune kan avsetningsmidlar investerast her.

BOKN KAN BLI INTERESSANT OM- RÅDE

framh. frå side 6.

Stein Alendal har kontor dagar i Bokn på mandagar og tirsdagar. Han er å finna i ei av kontorhrakkene som er sette opp ved kommunehuset.

Me håper at både Bokn kommune og privatpersonar vil få ut- bytte av denne engasjementstillinga.

Hurtigbåtene

Som kjent kom det ei endring av rutetidene frå 1.10.

D.S.D. hadde då på førehand kontakta Haugesund, Karmøy og Stavanger kommune for å få deira kommentar til dei endringane som var sett opp. Bokn kommune vart ikkje kontakta om dette.

Saka var oppe til handsaming i Samferdselsstyret i Rogaland, som godkjente planen på det vilkåret at Flaggruta kl. 13.00 frå Stavanger skulle gå innom Føresvik. D.S.D. har til nå ikkje gått med på dette, og saka er dermed ikkje avgjort. Det har vore møte mellom D.S.D., Bokn kommune og samferdselsjes- sen i Rogaland om dette, utan at ein har kome fram til eit ruteopplegg som alle partar kunne samlast om.

Di anna sak det har vore disku- sjon om, er dette med overgangs- billett når ein reiser frå Sta- vanger via Kopervik for å koma til Bokn. Dette vert i dag prak- tisert slik at ein må løysa bil- lett til Kopervik, og får ein overgangsbillett til Føresvik. Der vert altså noko dyrare om ein må reisa om Kopervik.



Sjølv om hurtigbåten som går frå Stavanger kl. 13.00 ikkje har regulære anløp av Føresvik, er den innom kvar mandag for å ta med skuleelevar som skal ha symjeoppløring i Kopervik. Den er også innom den 2. og siste fredagen i månaden for å ta med legen til Kopervik. Des- utan går den innom kvar Laur- dag.

Vel, iantil vidare må me berre venta på om det blir noko av det som kommunen ynskjer, og som Samferdselsstyret har gått inn for, nemleg at me burde ha anløp kvar dag av 13.00 båten frå Stavanger.

Saka har vekt ein del oppsikt, og har m.a. vore omtala med store overskrifter i Stavanger Aftenblad.

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN.

Lør.14.des. Søn.15	Eva Svendsen har vakt heile helga.	
Man.16 Tir.17 Ons.18 Tor.19 Fre.20	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.21 Søn.22	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man.23	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Tir.24 Ons.25	Eva Svendsen har vakt heile døgnet til Torsdag26/12 kl.08.	
Tor.26	Marie Faye har vakt frå kl.08 til fredag 27/12 kl.08.	
Fre.27	Else Nilsen har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.28 Søn.29	Eva Svendsen har vakt heile helga.	
Man.30	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Tir.31 Ons. 1.jan.	Else Nilssen har vakt heile døgnet.	
Tor. 2 Fre. 3	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør. 4 Søn. 5	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man. 6 Tir. 7 Ons. 8 Tor. 9 Fre.10	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør.11 Søn.12	Eva Svendsen har vakt heile døgnet	
Man.13 Tir.14 Ons.15 Tor.16 Fre.17	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16.08.

Lør.18 Søn.19	Marie Faye har vakt heile døgnet.	
Man.20 Tir.21 Ons.22 Tor.23 Fre.24	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør.25. Søn.26	Eva Svendsen har vakt heile døgnet.	
Man.27 Tir.28 Ons.29 Tor.30 Fre.31	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.

TELEFONAR: ELSE NILSSEN 35 338
 MARIE FAYE 35 455
 EVA SVENDSEN 35 339

LEGE i jule- og nyttårstida

Det er ikkje lege tirsdag den 24. desember (julafta) og heller ikkje tirsdag den 31. desember (nyttårsafta). Me får likevel lege hit fredag den 27. desember.

Etter nyttår blir det som normalt lege kvar tirsdag og den 2. og siste fredagen i månaden, med unntak av fredag den 10. januar.



TV-INNSAMLINGA UNGDOMS- KAMPANJEN 85

DET KOM INN TOTALT KR. 24.955,- TIL DENNE
AKSJONEN I BOKN. AV DETTE ER KR. 2.500,-
EI LØYVING FRÅ KOMMUNEN.
TOTALT ER DETTE ER. 34,- PR. INNBYGGEJAR.
TAKK TIL ALLE SOM GA, OG SOM VAR MED

OPERASJON DAGSVERK PÅ BOKN.

Operasjon Dagsverk er eit innsamlingsprosjekt der elevar i ungdomsskulen og i videregående skule går saman om å gje ei dagsløn til eit utdanningsforemål i den tredje verda. I år var Operasjon Dagsverk ein del av Ungdomsaksjonen-85, og var såleis også via oppmerksomhet i samband med TV-aksjonen. Arbeidsdagen var lagt til den internasjonale FN-dagen, 24. okt.

I år er pengane som kjem inn gjennom Operasjon Dagsverk ørmerka ein videregående skule for namibiske flyktingar i Congo. Namibia har vore ein koloni dei siste 100 åra, og er no okkupert av Sør-Afrika som har innført apartheidsystemet sitt i dette landet. Denne okkupasjonen er fordømt både av FN og av den internasjonale domstolen i Haag, men Sør-Afrika hektar å etterkoma krava om tilbaketrekking.

Som eit ledd i apartheidsystemet har all utdanning og særleg høgare utdanning for namibianarane vorte neigrsjert. Frigjeringskampen i Namibia pågår for fullt, og når landet vert fritt, vil det vera eit stort behov for fagfolk på ulike felt til å styra landet. Skulen som Operasjon Dagsverk skal byggja opp, skal vera med å utdanna desse folk.


Som OD-leiar på Bokn vil eg retta ein takk til alle som gav elevane ein jobb og ei dagsløn. I fjor gav denne innsamlinga 3300 kroner, i år kom heile 5090 kroner inn, og det må seiast å vera eit glimrande resultat for så få elevar.

OD-leiar på BOKN
Arne Husaas



AUSTRE BOKN HANDELSLAG
VIL ØNSKE ALLE SINE KUNDER
EN GOD JUL OG ET
GODT NYTT ÅR!

Når det gjeld fotlidingar ...



seier vår fotterapeut Grete Bråstein Økland at mange lever eit plagsomt liv i skoa sine. Det er ingen grunn til å akseptera kroniske fotlidingar, noko kan gjerast med det. Alder spelar inga rolle, plager finn ein hos kvinner som hos menn, eldre som tenåringar, og faktisk under den alderen også. Menn har i grunnen kome noko betre utav det p.g.a. at skomotar for menn har vore noko meir fornuftig opp gjennom tidene. Kvinneskoen derimot har vore veldig varierende, og til sine tider veldig lite fotvenleg. Dei meir fotvenlege sko som har vore i handel er det dei færreste som har valt.

Dei plager folk som oftast går rundt med er: Hard hud, torner, inn/nedgrodde negler, deformerte (tjukke, svampaktige) negler, vorter, sopp, skeive stortåledd og hammertær og dei plagene det fører med seg. Det blir også gitt råd og rettleiing for stell og pleie av føter med tanke på å forebyggja plager som alle bør tenkja på når dei går til innkjøp av skotøy. Det er arbeids- og bruksskotøy som er særskild viktig. Om ikkje plagene viser seg med ein gong, kan dei opptre til gagns seinare. Skotøy som har smal tå og høge helar høyrer ikkje heime til arbeids- og brukstøy. Det seier seg sjølv at foten ikkje har det godt i ein slik sko, der tærne ligg oppå kvarandre på kryss og tvers, og presset på fotballen er så stort at når skoen blir tatt av foten, er det som om ein blir eit anna menneske.

Skotøy bør ikkje arvast. Kvar fot former sin sko, og ikkje ein fot er lik.

Skoen bør ha låg hel, brei tå der det er plass til alle tærne ved sida av kvarandre, og helst bør skoen vera av naturskinn - då det pustar betre enn syntetisk.

Ein fotterapeut kan gi hjelp på dette feltet. Om ikkje alle plager kan ordnast for alltid, kan fotterapeuten hjelpe til å kunne leva med ei plage på ein mindre smertefull måte ved å gi behandling, og på den måten forebyggja vidare utvikling av plagene. Mange er ikkje klar over at det er behandling å få for vonde føter, og trur at dei er aleine om å ha slike lidingar. Føtene er det viktig å ha i orden og å føle velvære med. Dei har heile kroppstyngda å slita med, og det gir eit velvære i heile kroppen etter at ein har fått stelt føtene.

VER FØRE VAR MED FØTENE!

I Bokn er me så heldige å ha tilbod om fotpleie første fredagen i kvar månad. For pensjonistar er prisen kr. 50,- pr. behandling. Andre betalar kr. 130,-.

Tilbodet har me så lenge det er tilstrekkeleg med pasientar. Det er difor om å gjera at dei som føler behov for det, nyttar seg av ordninga.

PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

I DAG: **Bokn pensjonistforening**

EI HELSING FRÅ BOKN PENSJONISTFORENING

Bygdebladet vil presentera dei ymse lag og foreningar i tida framover, og redaksjonen har vist oss den honnør at me skal få vera først ute.

Det hadde vore på tale i fleire år at me burde få ein slik forening, og hausten 1979, ved ein fest Bokn sparebank laga for dei eldre i bygda, vart det vald eit førebels styre som skulle stå for starten av foreningen. 1. februar 1980 ved opningsmøtet, teikna det seg 27 medlemmer. Desse valde det same styret for 1. og 2. år.

Første formannen var Monrad Alvestad. Pensjonistforeningen var heilt frå starten innmeld i Norsk Pensjonistforbund. Representantar for Forbundet har kvart år drøftingar med styresmaktene om pensjonsauke. Kvart fylke har sin Fylkesforening med sin formann og andre tillitsvalde.

Her i bygda har me møte omlag ein gong i månaden, utan dei to sommarmånadene juli og august.

Alle møte tek til med salmesong og ein kort andakt.

Servering av mat og kaffi høyrer med, og ein utlodning dekkjer utgiftene ved møtet.

Biblioteket brukar å ha utlån av bøker ei viss tid under møtet.

Me har hatt mange besøk av folk utanom Bokn, som har stått for underhaldning, men også medlemmer og andre boknarar har vore gilde og vore med. Dei har hatt kåseri, forteljing, film og lyssbilete, opplesing, konkurranser og song og musikk.

Det må nok seiast at det er det sosiale samvær som er det viktigaste her. Me er meir opptekne av kvarandre enn av statsforhandlingane.

Men husk at kvart medlem styrkjer forbundet, og du kan godt vera eit passivt støtte medlem om du ikkje bryr deg om å gå i laget. Kontingenten er kr. 20,- pr. år, og då får du bladet "Pensjonisten".

Kvart år i august har me hatt ein dagstur. Me har vore på Karmøy, Jørpeland, Stord, Nærbø og i Suldal. Mange av desse stadene var nye for dei fleste av oss.

Diverre har det vore stor avgang av medlemmer, som naturleg er. Me er nå litt over 50.

Om du ikkje er medlem, er du velkommen på møte, så kan du sjå om du likar deg. Dei som har stått trufast ved frå starten, er blitt 6 år eldre, og nye krefter trengs etter kvart, du ikkje ha nådd pensjonsalderen for å bli medlem.

Velkomen!

For styret

Olaug Hognaland.



ME
LÅNER
OGSÅ
BØKER

Litt om 1986- budsjettet

Bruttobudsjettet for 1986 har ei ramme på kr. 23.307.965,- Nettobudsjettet som utgjer summen av skatten, skatteutjæmningsmidlar, samt andre driftsinntekter, utgjer for 1986 kr. 10.165.300,-

Budsjettet for 1986 vil vera prega av dei endringane som skjer frå 1986 i og med innføring av nytt inntektssystem, dvs. eit nytt system for overføring frå statsbudsjettet til kommunane.

Når det gjeld kommunen si gjeld pr. 31.12.85, er den på kr. 2.823.618,-. Dette vil seia kr. 3.800,- pr. innbyggjar. I tillegg er det i 1986 tenkt oppteke kr. 4.826.600,- i lån til Kombibygget. Kommunen si gjeld vil etter dette vera kr.7.650.000,- som vil tilsvare ei gjeld på kr.10.300 pr. innbyggjar.

Her er nokre hovudtal frå framlegget til budsjett for 1986:

	Bruttobudsj.
Sentraladministrasjon	998.400
Undervisning	3.720.800
Helsevern	983.300
Sos.omsorg	1.263.400
Kyrkjer og kultur	462.900
Utbygg. og bustad	1.102.500
Forr.dr.	173.200
Ymse føremål	578.200
Sum driftsutgifter	9.282.700

Overskott	682.052
Utlån	100.000
Fond	100.000
Eksterne lån	280.000
Investeringar	12.863.200
Sum totale utgifter	23.307.965

I tillegg til dei store investeringane til Kombibygget, er det og prioritert andre investeringar med i alt kr.1.065.200,- som i stor grad går til næringsformål. Det kan særskilt nemnast kr.290.000,- til framføring av vatn til industriområde (Knarholmen), kr. 483.000,- til vidare utbygging av industriområde, og kr.120.000,- til forprosjekt for etablering av pakke- og sløyeseentral for oppdrettsfisk ved Knarholmen. Ein tek her sikte på mottak av oppdrettsfisk. I periodar kan dette sysselsetja 12 - 15 personar.

Det er på budsjettet for 1986 ikkje sett av midlar til oljegrusing.

Det er heller ikkje tatt sikte på oppretting av nye stillingar på budsjettet for 1986.

I framlegget til budsjett for 1986 har rådmannen kome med følgjande framlegg til auke av kommunale avgifter og takster:

Kloakkavgift: For bustader med eigen septiktank ingen auke. For øvrige bustader 6% auke.

Vassavgifter : Ingen auke

Husmorvikar - Heimehjelp: Satsane aukes med 6%.

Barnehage - Musikkskule: Satsane aukes med 6%.

Husleige for kommunale bustader: Satsane aukes med 10% frå 1.05.86.

Så er det opp til formannskap og kommunestyre å ta standpunkt til rådmannen sitt framlegg til budsjett for 1986.

..... NYTT FRA:

bokn barnehage

Fylkesmusikerne i Rogaland har laget et eget konsertopplegg for førskolebarn. Denne konserten reiser de rundt i distriktet med, og fredag 15. november var turen kommet til Bokn barnehage. En av medlemmene synger, mens de tre andre henholdsvis spiller obo og fløyter, piano og cello. Konserten varte en halv time og inneholdt både sang, musikk og bevegelse. Barna fikk også selv delta og fikk oppleve en engasjerende konsert.-----
Barnehagen arrangerer tilfeller for den årlige "Bente- og Sofie" i desember. Barn og foreldre går fra Bokn skole til barnehagen med et ilagde, forvandlede lytter og lyser i vintermarked. I barnehagen benyttes adventslyset og en traktertopp med saft, kaffe og kakao.

bokn skolekorps

Søndag 17. november arrangerte Bokn skolekorps en "Syng med oss"-forestilling på Bokn skole. Gymnastikk salen var fullsatt og alle sammen runget. Gunvor Dalby Vea ledet arrangementet og hun kunne presentere et dyktig korps under ledelse av Signe Solheim i tillegg til mange lovende solister, disse akkompagnert av Vea Levil Birkelund. Oddrun Håland ledet allsangen og bidro også med to vakre soloer. Gunvor Dalby Vea påpekte til slutt at det er fantastisk at et så lite sted kan arrangere en konsert med så høy kvalitet av så unge amatører. Tarste og sultne bokmarer ble siden traktert med kaffe og hjemmebakt.-----

Lørdag den 23. var det aukasjon og loppemarked som stod på programmet. Som vanlig var det godt framme og aukasjonarius Leif Vatnaland hadde ingen vanskeligheter med å få gode priser!

bokn brass

Også Bokn Brass har hatt en aktiv høst på arrangementstiden. Rekeaften med musikk av "Robo" innledet november måned. D'ilige reker, koselig musikk, bakteutlodning og et festglad publikum gjorde sitt til at det ble en fin kveld på Bokn skole.-----

Fylkesmusikerne kom tilbake til Bokn 1. desember, denne gang for å delta på Bokn Brass' konsert. I tillegg til fylkesmusikerne spilte korpsot flere numre. Eivind Borchsenius var solist på bass. På tross av dårlig vær, meldes det om bra framgang.

bokn friundervisning

Bokn friundervisning har i løpet av høst tre kurs - oljefarve, oljefarging og blomsterdekorasjon. Responsen har vært enorm og studiesekretøren mener det kan være aktuelt med nye kurs på nytt år.

bokn hagelag

Hagelaget hadde sitt siste møte for jul, fredag den 22. november. Elisabeth Ichulsen leder arrangerte gravkranser og juledekorasjoner. Dette ble senere loddet ut. Det ble også valgt nytt styre og her ble Alice Hjellevik ny leder, Åslid Fris Langhelle nestleder, Arvid Jessung sekretær, Olive Håland kasserer og Reidun Grønning styremedlem. Vararepresentanter ble Arne Sjøvold og Dagny Svendsen.

småplukk:

Boknradioen i Rogaland har hver uke 15 minutter med bygde- og radio fra distriktene. Tirsdag den 3. desember var det Bokn på tur. Programmet ble presentert av Sve Alvestad og tok for seg aktuelt nytt fra Bokn og reportasjer fra kulturlivet.

INFORMASJON FRÅ SOSIALKONTORET

TANNLEGE?

TILSKOTT TIL KONTROLL/
BEHANDLING FOR ALDERS-
PENSJONISTAR.

Ordninga gjeld alderspensjo-
nistar. Det vert gjeve eit
tilskott på kr. 200,- til
kontroll/behandling.

For å få ein sjekk av ten-
nene må ein melda seg til
tannklinikken, tlf. 35 523
tirsdagar og torsdagar
mellom kl. 8.30 og 14.30.

Tilskottet kan bli auka til
kr. 300,- i 1986. Me kjem
tilbake til dette i 1986.

HELSEKON- TROLL

FOR ALDERSPENSJONISTAR

Dei alderspensjonistane som
ynskjer gratis helsekontroll
(blodtrykk, syn osv.) kan få
avtala time ved å venda seg
til legekantoret i tlf.
35 465 når legen har kontor-
dag.

Frå 1986 vil helsekontroll
for eldre foregå dei fredag-
ane det er lege, altså den
2. og siste fredagen i mnd.

JORDMOR

minner om at dei som ynskjer
fylgje av jordmor ved fødsel,
må melda frå til Else Nilssen
ca. 1 mnd. før termin.

FOTPLEIE

Det blir fotpleie fredag den
10. januar. Påmelding til
sosialkontoret .

Le dig deltidsstilling

AMBULERANDE VAKTMEISTER

Stillinga som ambulerande vakt-
meister i eldreomsorga i Bokn
er ledig.

Vaktmeisteren skal hjelpa til
med enklare reparasjonar, ved-
likehald og anna småarbeid når
dei eldre rundt i kommunen har
trong for det. Arbeidet vil
høva godt for ein nevenyttig
person.

Pensjonistar kan også søkja.

Løn etter det offentlege
regulativ lønstrinn 7 - 16,
d.v.s. frå kr. 39,98 til
kr. 54,75 pr. time.

I 1980 utgjorde stillinga 170
timar.

Nærare opplysningar kan ein få
ved å venda seg til sosialkontoret,
og interesserte kan søkja munnleg
eller skriftleg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 15. januar 1986.

arrangement rundt Jul:

SANITETSFORENING: Har Adventsfest for eldre. 20 Desember kl. 17:30 på skulen. Festen er for alle eldre og det vert lys-opptrinn, andakt, Julegraut, kaffe og kaker. Skulekorpset spelar.

HOGNALAND BARNEHAGEFORENING: Skal ha Juletreffest 2. Juledag på Hognaland bedehus.

FISKARLAGET: Lørdag 28 Desember blir det fiskarfest med dans, middag og underholdning på skulen.

FORELDRELAGET I BARNEHAGET: Skal organisere Juletreffest på skulen 29 Desember kl. 16:00.

Det vert diverse underholding: Førskullegruppa skal dele ut "godteposar", skulekorpset skal spele, og kanskje vil elevar fra musikkskulen og 1. 2. og 3. klasse opptre.

FELIX: Spelar til dans på Sjonar 28. Desember.

BOKN BRASS: Har 5 års jubileum! Brassbandet skal feire den første "milepælen" med en medlemsfest. Det var Svein Vea som i si tid tok initiativet til å starte korpset.

AUSTRE BOKN GUTTE/JENTEKLUBB: Skal ha fest for alle *søndag* 22. Desember kl. 19,30 Festen blir på bedehuset, med utdeling av pokaler til dei som skal gå ut av 9. klasse

Det vert servert brus, kaffe og kaker.

FRELSEARMEEN: Kjem 27 Desember for å ha Juletreffest for alle på Bedehuset på Austre Bokn kl. 19:00.

BEDEHUSFESTEN: på Austre Bokn vert mellom Jul og Nyttår. Sjå plakater.

I REDAKSJONEN: MARIEKE ALVESTAD; TOVE STEINGILDRA, REIDAR ALVESTAD.

Me vil nå prøva å få ut ei avis pr mnd., og ha utgjevingsdato i kvart månadsskifte framover frå og med månadsskiftet jan./febr.

Det er sikkert mykje som er aktuelt å få med i neste blad, og me ber om at folk som har stoff vender seg til ein av oss i "redaksjonen" eller direkte til sosialkontoret. Me bør ha stoffet i hende så snart som mogeleg, og seinast innan 20. januar. Dersom ledig plass, kan ein også prøva å få inn stoff som kjem seinare, men det kan bli meir usikkert m.h.t. spalteplass då.

God Jul og Godt Nytt År!